



Turen går gjennom områder som omkranser Bjørnefjorden, Fusafjorden og Samnangerfjorden. Det er vakre landskap og områder rike på kultur, tradisjoner og fortidsminner.


This tour covers the areas surrounding the Bjørnefjord, Fusafjord and Samnangerfjord. The beautiful landscape is rich in culture, traditions and ancient monuments.



Samnangerfjorden.




Os kommune har ein båt under ei stor rose i kommune-merket. Det symboliserer hevdvunne handverk i Os, i form av Oselvarbåten og rosemåling. Kommunen har idag omlag 13000 innbyggjarar. Frå 1100-talet vert Os si historie sterkt prega av at Lyse Kloster vart grunnlagt i bygda, skipa 10 juli 1146 av bisp Sigurd i Bergen. Det vakre og lune landskapet i Os har lokka mange til seg, og ein av desse var fiolin-virtuosen Ole Bull. I 1872 fekk han bygd eventyrlige «Villa Lysø» på Lysøya i Lysefjorden



Os district has a boat beneath a large rose on its coat of arms, symbolising the district's traditional handicrafts, boatbuilding and decorative rose painting. Today, the district's population is about 13,000. From the 12th century onwards, Lyse Abbey played a key role in the area's history, after its consecration on 10 July 1146 by Bishop Sigurd of Bergen. The district's beautiful, calm countryside has attracted many people, including the violin virtuoso Ole Bull. In 1872 he had his fairytale villa built on Lysøya in Lysefjord

Fusa kommune har stiliserte jettegryter i kommunevåpnet sitt. Her finn ein idylliske fjordarmer, vekk-gøynde dalar med stupbratte fjellsider omkring, frodige gardsbruk og fiskerike vassdrag. Jordbruk er framleis fulltids- eller deltidsnæring for mange fusingar, medan andre har arbeid innan fiskeoppdrett, treforedling, skipsbygging og service. Folketalet er omlag 3700.



Fusa district has potholes depicted on its coat of arms. Here you will find idyllic fjords, concealed valleys surrounded by steep mountainsides, abundant agriculture and rivers rich in fish. Agriculture remains a full or part-time occupation for many residents, while others work in fish farming, timber processing, shipbuilding and service industries. The population is about 3,700.



Samnanger kommune har eit kommunevåpen som symboliserer at kommunen set pris på regnet. På raud botn ligg det seks gull dropar i sirkel, og dei skal minna om den tidlege vasskraftutbygginga, og kva den har betydd for utviklinga av Samnanger samfunnet.

The coat of arms of **Samnanger** indicates that the district values the rain. Six golden drops form a circle on a red background, recalling the pioneering days of hydro-electric power and its importance to Samnanger's development as a community.

Avstander/Distances:

Bergen sentrum-Osøyro:	28 km
Os-Hatvik:	5 «
Hatvik-Venjanaset, ferje/ferry	10 min.
Venjanaset-Vinnes:	6 km
Venjanaset-Eikelandsosen:	14 km
Eikelandsosen-Holdhus:	5 «
Eikelandsosen-Tysse:	24 «
Tysse-Fossen Bratte:	8 «
Tysse-Hisdal(vegkryss):	10 km
Hisdal-Osøyri:	30 km
Hisdal-Bergen(Rv7):	36 km

Reiserute

Frå Bergen E39 syddover via Nesttun-Kalandseid-Søfteland til Os/Osøyro.

Frå Os sentrum/Osøyri(1) følgjer vi Rv552 til ferjeleiet Hatvik. Ferje over Fusafjorden til Venjanaset i Fusa kommune.

Etter Venjanaset vil vi tilrå ein tur utover langs fjorden til Vinnes (2). Etter opphaldet på Vinnes retur til Venjanaset og vidare på Rv552 gjennom Fusa sentrum til Eikelandsosen.

Frå Eikelandsosen kan vi tilrå ein «avstikkar» til Hålandsdalen og Holdhus kyrkje(3).

Frå krysset ved Eikelandsosen følgjer vi Rv48 mot Tysse. Vi køyrer forbi Holmefjord(4) før vi kjem inn i Samnanger kommune og til ytre Tysse. Tettstaden Indre Tysse ligg 200 meter frå krysset ved Tyssebrua (5).

Route

From Bergen city centre, follow E39 south via Nesttun-Kalandseid-Søfteland to Os/Osøyro.

From Os village/Osøyro (1), follow Rv552 to Hatvik ferry terminal. Ferry across the Fusafjord to Venjanaset, Fusa district .

After Venjanaset, we recommend a trip along the shores of the fjord to Vinnes (2), before returning to Venjanaset and continuing on Rv552 via Fusa village to Eikelandsosen.

From Eikelandsosen, we suggest a detour to Hålandsdalen and Holdhus church (3).

At Eikelandsosen crossroads, take Rv48 towards Tysse. We pass Holmefjord (4) before entering Samnanger district and reaching Ytre Tysse. The



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

Hovudvegen fylgjer Tysseelva oppover til krysset ved Straumen bru. Her tek du vidare til venstre langs Rv7 i retning Bergen.

Vi kan tilrå ein avstikkar opp til fossen Bratte. Ta då til høgre ved Straumen bru på Rv7 mot Norheimsund.

På Rv7 mot Bergen køyrer vi forbi Bjørkheim (6) og Ådland (7) der vi svingar opp mot Hisdal. I Hisdal svingar vi av til venstre ved oppkøyringa mot Gullbotn, og held fram gjennom Hisdal, forbi Trengereidfjord, langs Samnangerfjorden og gjennom Hegglandsdalen tilbake til Osøyro.

Stader og ymse av interesse

(1) **Osøyro** er kommunesentret og ligg ved elveosen, som har gjeve garden, bygda og seinare kommunen namn. Her er det ein treng av service-tilbod, anten ein kjem langs landevegen eller i båt.

(2) **Vinnes**, ei vakker jordbruksbygd med framifrå utsikt over Bjørnefjorden. Området er rikt på forminner og byr på ein godt tilrettelagt sogesti med start frå Vinnes kai.

(3) **Holdhus kyrkje** i Hålandsdalen er ei av dei mest interessante etterreformatoriske kyrkjene på Vestlandet. I tårnet og i somme av stolane finst materialar frå stavkyrkja som har stått på same staden. Stavkyrkja er første gong omtala i ei jordebok frå ca. 1350. Ope for omvising i sommarmånadene.

(4) **Holmefjord og Bogøya** er kjerneområdet for bøkkarverksemda i Fusa. Både ved Samnøysjøen, i Holsund og på Boga har det vore tønneproduksjon i stor skala; på Boga og i Holmefjord er det framleis verksemdar som har folk i arbeid.

(5) **Tysse** er administrasjonssentret i Samnanger kommune. I 1866 vart A/S Samnanger Uldvarefabrikk sett i drift og dette forvandla Tysse frå eit tradisjonelt jordbruksamfunn til tettstad med arbeidarsamfunn på eitt par tiår. Ein brann i 1931 la fabrikk i ruin, men i 1941 vart Samnanger Fabrikk (A/S Safa) bygd opp. Denne fabrikk er no Noregs største strømpfabrikk, og på Ytre Tysse kan du få med deg ein ekte Samnanger souvenir.

(6) På det nye sentret som har vakse fram på **Bjørkheim** kan ein få kjøpt det meste. Middagen på Bjørkheim Gjestetun er i tråd med gode norske mat-tradisjonar.

(7) **Garden Ådland** ligg inst i Samnangerfjorden, og her har det vore kyrkjestad sidan middelalderen. Den nye kyrkja frå 1851 er teikna av arkitekt cand.theol Andreas Grønning, og har ein sjelden arkitektur med både nygotiske og seinempiriske uttrykksformer.

(8) **Brekkedalsvegen** kjem ned til fylkesvegen i Trengereidfjorden, og er ein gamal militærveg frå 1920 åra. Den slynger seg oppover «Brekken» og går ned til Haugsdalen.

village of Indre Tysse is 200 metres from the junction at Tysse bridge (5). The main road follows the Tysseelva river to the junction at Straumen bridge, where we turn left onto Rv7 towards Bergen.

From Straumen bridge we recommend a detour to Bratte waterfall, on Rv7 towards Norheimsund.

Driving towards Bergen on Rv7, we pass Bjørkheim (6) and Ådland (7), where we turn off towards Hisdal. Here, we turn left at the junction approximately 1 km before Gullbotn, and continue through Hisdal, past Trengereidfjord, alongside the Samnangerfjord and through Hegglandsdalen back to Osøyro.

Places of interest and attractions:

(1) **Osøyro**, the administrative centre of Os district, is situated at the river mouth that gave its name to the farm, the village and eventually the district. A wide range of services are available, whether you come by road or sea.

(2) **Vinnes**, a lovely farming community with superb views over the Bjørnefjord. The area has a wealth of ancient monuments and a well-planned heritage trail starting at Vinnes pier.

(3) **Holdhus church** in Hålandsdalen is one of the most interesting post-Reformation churches in western Norway. The tower and some of the pews contain remnants of the stave church that once occupied the same site and was first mentioned in a land register in c. 1350. Open for guided tours in the summer months.

(4) **Holmefjord and Bogøya** are the main centres of Fusa's barrel-making industry. Samnøysjøen, Holsund and Boga were once scenes of large-scale barrel manufacturing, and the industry still employs people at Boga and Holmefjord.

(5) **Tysse** is the administrative centre of Samnanger district. The establishment of a woollen mill in 1866 transformed Tysse from a traditional farming community to an industrial village within a few decades. The factory was destroyed by fire in 1931, but 1941 saw the establishment of Samnanger Fabrikk (A/S Safa), now Norway's largest stocking factory. At Ytre Tysse you can obtain a genuine Samnanger souvenir.

(6) The new community that has developed at Bjørkheim has shops selling most things. For the best in traditional Norwegian cooking, try lunch at Bjørkheim Gjestetun.

(7) **Ådland farm** lies at the head of the Samnangerfjord and has been the site of a church since medieval times. The present church, dating from 1851, was designed by Andreas Grønning. Its unusual architecture combines neo-Gothic and late Empiricist features.

(8) **Brekkedalsvegen**, which descends to join the road at Trengereidfjord, is an old military road from the 1920s. It winds its way up and over the hills to Hausdalen.